

Frå allsidig drift til spesialisering på Hadlandshøyen

Olav Magne Tonstad

Kjell Paul Ødegaard skreiv tidleg på 2000-talet ein artikkel i Vigrestadposten om utviklinga i jordbruket etter 1946. Han vart fødd i 1941, og vaks opp på gard på Hadlandshøyen, som ligg like aust for Vigrestad. Han skriv at «*Det som særprega jordbruket på den tida var allsidighet. Produksjonen på jorda omfatta mange vekstar. Husdyrholdet var mangfoldig. I dag er det mykje meir spesialisert.*»



Gammal og ny tid møtes på Hadlandshøyen. Biletet er frå ca. 1955. Hønsehuset ligg lengst bak. Det gamle fjøset er framleis i bruk. Men eit moderne grisehus har kome til. Bustadhuset ligg lengst framme.

Om fjøset og løa skriv Kjell Paul Ødegård fylgjande:
«*Fjøset var av den gamle typen. Det vil sei at vegger, tak, bolkar og frontar var av tre. Ja. Alt var av tre. Kyrne var buntne fast med gamaldagse gode halsband. Bak dei var det ei renne med landhol i. Lorten vart måka og delvis hive ut i «hevda fjøset». Det var delvis overbygget.*

«*Hedvamittinga*» låg difor halft inne og halft i friluft. Det låg i «nøre» enden av løa. Landet rann ned i landkummen igjennom landholet. Landet hadde stor verdi som gjødsel og måtte helst alltid køyrast ut i lett regnver. I båsan til kyrne og hestane var det trau til å gje mjøl, hakk og rotvekstar i, og ein hekk til å stappa høy i. I midtgangen, i søre enden, var det eit sturterom. Dette var stappa og fylt heilt til møne med høy. Sjølve løa ovanpå, hadde oppkjøring austanfrå. Det var ei låg løe med slindrer og tregolv, slik løene var på den tida. Taket var sutak, med panner på. Dei fauk så snart vinden kom opp i sterk kuling.»

Kjell Paul Ødegaard fortel vidare at «*Me hadde to hestar, ein blakk og ein gul. Desse stod på treunderlag for seg sjølv. Seks – åtte kyr av vestlandsraukoll. Nokre få sauer og grisepurker. Høns, som hadde luftegarde ute, samt gjæser og kalkun. Gassen var alltid ei sann plage å ha i hælane. Høy korn og poteter var hovudvekstane.*» Fylgjande setning understrekar at det var stritt å vakse opp på Hadlandshøyen dei første åra etter krigen: «*Arbeid og atter arbeid uansett tid på året. Det sit fastspikra for alltid.*»

Løa på Hadlandshøyen var slik driftsbygningane såg ut etter krigen. Alle husdyra var som regel samla i ein bygning. Løa var bygd i tre, med kjellar under, der murane var murt med kilt gråstein. Det var støypt dekk over murane, slik at kyrne stod på sementgolv. Landkummen måtte vera tett, og den hadde støypte vegger. Elles var gråsteinsmurane i gjødselkjellaren tetta med sement. Men veggane var vanlegvis ikkje heilt tette. «*Hedvamittinga låg difor halft inne og halft i friluft*», skriv Kjell Paul Ødegaard. På låven var det råd å køyre inn med hest og høykjerre for lesse av høyet. Traktoren hadde enno ikkje kome til Hadlandshøyen. Den kom først i 1958, ein Volvo krabat, som no står i museet til Solveig og Magnus Voll på Vigrestad.

Ifølge Norges bebyggelse vart driftsbygningen på garden påbygd 1950 - 1955. Det var eit grisehus som vart bygt då. Kjellarmurane vart støypte, og veggene vart murt med murstein. Det var dekk over grisehuset. Låven vart bygt med tresperr og kledd med bordkledning. Denne delen av bygningen står enno på garden.



Dronefoto av gardstunet frå hausten 2021. Foto: Karin Hansen Nærland.

Den gamle delen, som Kjell Paul Ødeggard skreiv om i Vigrestadposten, vart riven og fjerna i 1956. Den vart erstatta med ein nytt fjøs og ein silo med ein diameter på 4 meter. I 1980 vart det bygd ein gjødselkumme i nordenden av grisehuset. Seinare vart det bygd grisehus oppå gjødselkummen. Desse tre bygningane, som er bygd saman til ein bygning, står på Hadlandshøyen i dag.

Nytt hønsehus vart bygd i 1953, og står framleis på garden. Men det er lenge sidan hønene la egg i verpekassane.



Driftsbygningen blir framleis halden vedlike, og den er i god stand. Men det er ikkje lenger husdyr i bygningen. Foto: Olav Magne Tonstad.

Kjell Paul Ødegaard overtok garden i 1980. Han dreiv med mjølkeproduksjon og griser. Han hadde 25 kyr i tillegg til kalvar og ungdyr. I grisehuset var det 25 - 30 purker. Han selde smågrisene og dreiv ikkje med slaktegriser. Han leigde litt jord utanom. Kjell Paul Ødegaard dyrka ikkje opp utmarka som låg

overfor driftsbygningen. Han ville nytte det til beite. Han dyrka lite jord etter at han overtok garden.

Kjell Paul Ødegaard hadde ikkje arbeid utanom garden, men han hadde ein del tillitsverv som tok litt av arbeidstida hans. Han dreiv garden fram til 2004, då han gav den ifrå seg til dottera, Lise Ødegaard Særheim. Ho og mannen, Arnfinn Særheim, dreiv med mjølk fram til 2009, og med griser fram til 2012. Innreiinga i fjøset er no fjerna, og fjøset står tomt. Mjølkekvoten er selt. Jorda vert leigd bort. Lise Ødegaard Særheim er statsvitar og arbeider som lærar på Tryggheim skular. Mannen arbeider for Norsk Landbruksrådgivning Rogaland på Særheim.

Kanaliseringspolitikken

Gardsdrifta på Hadlandshøyen er eit eksempel på den gardsdrifta som det var på Jæren etter krigen, med ei allsidig drift som etter kvart vart meir og meir spesialisert. På 1950-tallet, då Norge byrja å kome på fote etter andre verdskrigen, vart det etterkvart overproduksjon av husdyrprodukt. For å stimulere til meir balansert produksjon, endra myndigheitene prisforholdet mellom mjølk og korn til fordel for kornet. Dette førte til at i område der det låg til rette for kornproduksjon, byrja bøndene å dyrke meir korn, og dei reduserte på husdyrproduksjonen. Mange tidlegare husdyrbønder i Trøndelag og særleg på Austlandet gjekk over til å dyrke korn. Produksjon av gras og husdyr vart hovudsakleg flytta ut i distrikta, mellom anna til Jæren. Her forsvann kornet først, deretter rotfruktene og potetene. I dag er dyrking av poteter blitt ein spesialproduksjon, og korndyrkinga har teke seg litt opp igjen. Styresmaktene si styring av prisen på korn og mjølk, har fått namnet Kanaliseringspolitikken.

Litteraturliste

Bøker:

Fiskaa, H.M. og Myckland, H. Falck 1957: Norges bebyggelse, Herredsbindet for Rogaland Søndre del

Lokale blad:

Vigrestadposten tidleg på 2000-talet: Artikkel av Paul Kjell Ødegaard om utviklinga i jordbruket 1946 – 2000

Andre kjelder:

Under arbeidet med artikkelen har eg hatt mange samtalar med bønder og andre fagfolk.